



Vår ref:  
Sak: 20/1902 JpID: 20/6837 Sbh: HSI

Dykker ref.

Dato:  
13.03.2020

## Korona - informasjon til tilsette i oppvekst opplæring

Informasjonen i dette skrivet blir gjeve i dag, fredag 13.03.20 kl. 14.00, og gjeld inntil ny informasjon blir gjeve.

I dag tidleg vart det sendt ut eit skriv til heimane om at barnehagar og skular blir stengt. Dette skrivet skal no vere sendt ut til heimane, og det ligg på heimesida til Stad kommune.

Kritiske samfunnsfunksjonar:

Til barn av personell som jobbar i kritiske samfunnsfunksjonar vil vi gje eit omsorgstilbod både til barnehageborn og skuleelevar. Tilboden vil vere i den barnehagen/skulen som dei høyrer til.

Rett til plass i eit omsorgstilbod gjeld for barnehageborn og elevar opp til og med 4. klasse:

Retten gjeld føresette der begge føresette har eit arbeid som har ein samfunnskritisk funksjon eller der ein eineforsørgjar har eit slikt arbeid, opp til og med 4. klasse.

Tilboden gjeld for dei vanlege opningstidene i barnehagane og Sfo/skule.

Denne retten gjeld også for barnehagebarn og elevar med særskilde omsorgsbehov.

Ta kontakt med din barnehage eller skule snarast råd om du/de har eit slikt behov, og tilboden vil bli sett i verk straks.

### Merknad frå kommunalsjef etter drøftingar med fylkesmannen:

Barnehagane og skulane må opne opp for å ta imot barn og skuleelevar viss ein vurderer dette som naudsynt for at tilsette skal få kome seg på jobb innanfor samfunnskritiske funksjonar. Dette kan i visse tilfelle vere nødvendig sjølv om berre den eine parten jobbar innanfor desse funksjonane. Einingsleiarane for dei aktuelle avdelingane må då ta ei drøfting og fatte ei avgjersle i dei einskilde tilfellene.

### Tilsette:

Innanfor oppvekst og opplæring skal alle tilsette i utgangspunktet møte på jobb i perioden fram til 26. mars. Dette kan bli justert/endra, og underteikna kjem tilbake med ei ny vurdering tidleg i komande veke.

Ved mistanke om symptom på eigen sjukdom viser underteikna til informasjonen som blir stadig oppdatert på Stad kommune si heimeside.

Nokre av dei tilsette har små barn som ikkje kan vere åleine heime, og ingen andre familiemedlemmar kan passe dei. Då må ein i lag med einingsleiar vurdere om den tilsette skal vere heime med sitt barn, eller at den tilsette tek barnet med seg på eininga der det til vanleg går, og får eit tilbod der.

**Undervisning:**

Rektorane organiserer saman med dei tilsette undervisninga for elevane som er heime og på skulen.

**Ansvar for einingsleiarane:**

Einingsleiarar, styrarar, rektorar og barnevernsleiarar har ansvaret for å informere tilsette, føresette, elevar og brukarar. Rektorane har også hovudansvaret for at undervisninga går så greitt som mogleg, men eg veit at dette kan vere utfordrande

Eg veit at dette er utfordrande for alle partar, og eg/vi klarar ikkje å gje gode svar på alle spørsmåla som kjem. Bruk skjønn og ta små avgjersler sjølv eller etter at du har drøfta det med ein kollega.  
Eg er tilgjengeleg for einingsleiarane på telefon og e-post, men klarer ikkje å svare på alle spørsmåla.

Med venleg helsing

Harald Sivertsen  
kommunalsjef oppvekst og opplæring

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

*Ver venleg å oppgje referansenummer 20/6837 dersom du tek kontakt med oss.*